



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Prosess

Fellesnemda sitt vedtak i sak 7/17

1. Fellesnemda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen fo rden nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemda 3. kvartal 2018.

Fellesnemda sitt arbeidsutval sitt vedtak i sak 4/18

Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene starte opp prosessen knytt til utforming og val av nytt fylkesvåpen, slik det vert skissert i saksframlegget.

Prosess

Overordna prosjektplan har bestått av 6 punkt:

1. Etablering av prosjektgruppe
2. Symboltilfang
 - Natur og landskap
 - Kultur og historie
 - Samtid/anna
3. Setting av fagkomité
 - Vedtatt i FN-AU sak 12/18
4. Open innspelsproses
 - Gjennomført i tidsrommet mai – august 2018
5. Designkonkurranse
6. Innstilling og vedtak



Open innspelsprosess

- Utarbeiding av faglege retningsliner og rettleiing.
- Skape engasjement rundt prosessen ved å bruke dei verkemidlane og plattformane som var tilgjengelege, slik som:
 - Heimesider og ulike fylkeskommunale plattformer som Bybanen, bussar, tannklinikkar, vidaregåande skular
 - Sosialemedia
 - Aviser (annonser og kronikkserie), TV, Radio
- Vi fekk inn 667 forslag til fylkesvåpen, og det skulle kårast ein vinnar.



Kom med din idé til nytt fylkesvåpen!



NB! Du kan ikkje lenger sende inn innspel, då fristen gjekk ut 20.juni.

Har du ein god idé til kva som kan vere eit samlande fylkesvåpen for det nye fylket, så del det med oss!

Sender du inn forslag, er du med og konkurrerer om 25 000 kroner i hovudpremie. Dei andre finalistane får 2000 kroner.

Del gjerne ditt forslag på Instagram med #fylkesvåpenvest


Folkejuryen

- Fagkomiteen og ein folkejury skulle velje ut 10 forslag kvar til ei nettavstemming.
- Innbyggjarane i dei to fylka vart invitert til å delta i folkejuryen og over 70 personar meldte seg.
- 10 personar vart valgt ut og det var lagt vekt på at folkejuryen skulle vere sett saman av folk i ulik alder, kjønn og frå ulike geografiske områder.



Om storfylket Kontakt

Bli med i folkejuryen



NB! Påmeldinga er no avslutta.

640 forslag til fylkesvåpenen kom inn ifrå publikum i innspeisefasen. No treng vi ein folkejury på 10 personar som kan plukke ut ti favorittar, som alle kan stemme over på internett i slutten av august. Vil du vere med i folkejuryen og ta del i vestlandshistoria?

Parallelt vil ein fagiury også velje ut sine ti favorittar.

Stem på ditt favorittfylkesvåpen




Innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane vart i mai inviterte til å kome med forslag til det nye fylkesvåpenet. Engasjementet var stort, med totalt 667 innsende forslag. Ein fagiury og ein folkejury har valt ut ti finalistar kvar, og no kan du vere med og ryste fram folkefavoritten. Vinnaren får folkefavorittpremien på 25 000 kroner, og dei andre finalistane får 2 000 kroner kvar.

[Her kan du lese meir om forslaga og stemme på din favoritt!](#)

Folkefavoritten

- 6471 stemte på dei utvalde forslaga og Jorunn Andeassen frå Jølster var ein klar vinnar.
- Folkefavoritten vart vurdert saman med dei andre forslaga i designkonkurransen.



Fagkomité

- FN-AU vedtok i sak 12/18 mandat og samansetting av fagkomiteen.
 - > Janne Leithe, tidlegare direktør ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum
 - > Jørn Øyrehaugen Sunde, professor rettshistorikar/heraldikk ved UIB
 - > Ashley Booth, professor, visuell kommunikasjon ved UIB
 - > Oddmund Løkensgard Hoel, førsteamanuensis, språkhistorikar ved Høgskulen på Vestlandet
 - > Geir Atle Ersland, professor, historikar, UNESCO chair ved UIB
- Fagkomiteen sitt mandat:
 1. Gruppa konstituerer seg sjølv og vel leiar.
 2. Fagkomiteen skal legge fram eitt eller fleire motivforslag frå kvar av motivgruppene natur og landskap, kultur og historie, samtid/anna motiv til designkonkurranse. Forslaga skal ha skildring i ei setning (blasonering), og kan vere skisserte. Forslaga skal grunngjevast. Det må gjerast legalitetskontroll av forslaga. Til grunn for framlegging av forslag kan fagkomiteen sjå til den opne innspelsprosessen.
 3. Fagkomiteen skal få utført designkonkurranse, med deltaking frå minst 3 designbyrå. Fagkomiteen skal lege fram reglar for designkonkurransen. Designbyråa kan i tillegg utforme eitt eige forslag, med skildring i ei setning (blasonering) og grunngjeving.
 4. Fagkomiteen skal rangere konkurranse bidraga med skriftleg grunngjeving, og tilrå nytt fylkesvåpen.
 5. Fagkomiteen vert godtgjort etter Reglement for godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune.

Designkonkurranse

- Fagkomiteen utarbeida opplegg for designkonkurransen i tråd med prosjektplan vedtatt i FN-AU sak 12/18



- Det vart gjennomført ein open prekvalifiseringsrunde der byråa kunne melde seg på.
- Ut i frå prekvalifiseringa vart det valgt ut 5 byrå som fekk oppdrag med å utarbeide forslag til fylkesvåpen med i tråd med bestillinga frå fagkomiteen.
- Fagkomiteen møttes 6. november for å vurdere og rangere dei innkomne forslaga frå designbyråa. I tillegg vart vinnaren av folkets favoritt vurdert på lik linje med dei innkomne forslaga frå byraå.

«Generelt til alle motiv:

Fagkomiteen har sett til retningslinene for den opne innspelsprosessen og tilrår designbyråa til å nytte desse i sitt arbeid. Dette vil bli vektlagt ved den endelege evalueringa av forslaga. Samstundes er fagkomiteen oppteken av fornying og abstrahering. Det er viktig at fylkesvåpenet er levedyktig og skal fungere godt i eit langt perspektiv.

Fagkomiteen føreslår følgjande motivforslag til designkonkurransen:

Motivgruppe	Motiv	Utdjuping
Natur og landskap	Fjordar	Motivet skal ikkje vere ei attgjeving av kystlinja men ei abstrahering av fjord som fellesnemnar for dei to fylka som skal slå seg saman. Fjordane opnar opp for verda utanfor. Fylkesvåpenet skal ha fleire enn ein fjord.
Kultur og historie	Veband – samhald og semje	Vebandet var laga av vidjegreiner, og vart sett opp på tinget i ein sirkel når saker skulle drøftast. Dei som sat innanfor vedbandet var fredheilage, og skulle snakka seg fram til semje. Slik sikra ein samhald og fred. Vebandet er kjent brukt på Gulating, som opphavelig omfatta Sogn og Fjordane og Hordaland, og er eit særtrekk ved området sin kulturhistorie.
Samtid	Bølgjer, foss, vind - energi	Bølgjer, foss og vind er kjenneteikn ved bevegelse, energi og dynamikk, og har forma regionen. Dei representerer både samtidige og framtidige ressursar.

Merknad: Fagkomiteen vil at motiva skal vere relativt opne for å gje designbyråa handlingsrom. Blasoneringa vil verte utført når fagkomiteen ha fått motiva tilbake frå designbyråa.»

Vurdering av forslaga

- Fagkomiteen vurderte alle dei innkomne forslaga etter kriteria gitt i oppdraget.
- Dette var dei same kriteria som også var nytta i den opne innspelsprosessen:

- Hovudreglar

Forslaga bør vere i samsvar med desse retningslinene:

1. Vi skal ha eit nytt fylkesvåpen, ikkje ein kombinasjon av dei gamle.
2. Motivet må vere samlande og representerer den nye fylkeskommunen på ein god måte.
3. Motivet må vere lett gjenkjenneleg, både i fart, på avstand og i lite format.
4. Bruk få fargar og motiv. Helst kun éin farge, eitt motiv og eitt metall (gull/sølv).
5. Farge bør være rein og klar, utan nyansar og sjatteringar.
6. Motivet bør fylle skjoldflata godt, vere forenkla og utan for mykje detaljer.
7. Fremstill motivet i rein flateteikning, utan bruk av perspektiv og skuggelegging.

- Fagkomiteen rangerte forslaga i tre grupper: godt eigna, eigna og ueigna.

Vurdering




Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	

Forslaga vurdert som ikkje eigna




Dei godt eigna og eigna forslaga

Godt eigna forslag



Eigna forslag




Fagkomiteen si tilråding



Blasonering og fagkomiteen si vurdering

Blasonering:

Venstre halvdel, skrådelt av sølv og grønt, høyre halvdel, første felt skrådelt av grønt av grønt og sølv, første felt delt av arønt og sølv.



Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Forslaget er kontrollert av heraldikar Geir Nordhus
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja.
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Motivet appellerer ved at linjene gjev eit fokuspunkt. Spissen som treffer skaper ein spenning og dynamikk. Det har ein god form og er eit enkelt men sterkt våpen. Klassisk heraldisk motiv – i ein heraldisk kontekst har det historiske røter samstundes som det er moderne.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargebruken er tilpassa motivet. Det grøne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Ja
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Godt eigna.

